

## ÅRSMELDING 1988

Starta med årsmøte hjå hulla 4/3-88.  
33 medlemmer møtte. Etter årsmøtet møtte  
fleire teststemde medlemmer opp, og tok  
seg ein svingom etter god musikk av  
Arve & Minas.

På vårparten hadde vi speleøvingar.  
Sjur Hesjevoll fekk overrakt folkemusikk  
prisen i februar. Det var Sogn & Fjordane  
folkemusikklag som delte ut denne prisen.  
12 mars arrangerte vi kustratreff her  
i Samfunnshuset, ca 200 betalende  
så det vart litt peng i kassen denne  
kvelden og.

I år var fylleskappleiken i Breim.

Arne-Kristin og Morten var fylleskappleikarar,  
Forum, Sigrun & Lars Sigdal fekk ~~den~~<sup>+ Kåre</sup>  
også ein fin plassering. Harald Hesjevoll  
og Oddbjørn Hesjevoll var blandt dommarar.

I april hadde vi ein fredagsdans. Sidan  
det var midt i sauelembinga var det  
mange som ikkje kunne møte, men mange  
danselystne ungdommar møtte opp. Dala-  
spretten og Spelemanslaget spelte.

Under årsmøtet i LFS i Rauland  
var leiar utsending frå vårt lag.

17 mai, vi var høvudansvarlege. Vi  
underheld og spelte til 17 mai dans  
om kvelden. Overskotet av arrangementet

gjekk til innkjøp av piano i samfunnshuset.  
Under songarstemna i mai, hjalp vi til  
med servering pluss at Dansegruppa  
underheldt med Jostedalsspringar for songgjestene.  
I juni var Sigrun & Lars Vigdal til  
Grieghallen for å underholde med Jostedals-  
springaren. Det var Norge som stod for  
dette kulturprogrammet dei deltok i.  
Mest alle dansarane og telespelarane  
har i sommar delteke på Jostedals-  
kveldane. Desse var arrangert i samband  
med JONAS. Dette var eit populært innslag  
for turistane. Olav synt lysbileter frå  
dalen, Kaila og Anna serverte ananwar  
gong heimelag rommegraut m/tilbehør.  
Og til slutt underheldt JSD med dans  
og spel. Vi var også 2 kveldar på  
Sogn Folkemuseum, Kampanger og under-  
heldt turistane der.

I samband med eit seminar om reise-  
kost o.s. her i Jostedalen var ~~to~~ den  
nye Jostedalsrypa døypt. Siv, Reidun &  
Eise-Marie underheldt med eit par låtar.  
11 juni, Spelmannstreff på Hafslø. Laget  
var deltak også.

Landstestkøen i gammaldansmuseum på Vinstra.  
Mange Jostedaler var tilstades. Laget deltok  
og tok ein flott 10 premie, i sin klasse.  
elet var også som deltok i denne klassen.

Vestlandshoppelen på Hofhus. Morten og Anne  
Kristin var Vestlandsmeistrar. Gratulere.  
Sigrun var blandt dommarane.

3 sept. Eid, Nordbygda & Vindtulla spele-  
mannslag vitja oss med program og  
sytte også for god dansemusikk.

22 oktober 5 års jubileum på Hafslø  
trehuspelleklubb, vi var også innbedt.

I meldingsåret var styret hatt 5 styre-  
møter, og laget har hatt 57 medlemmer

tillegg: Harald, Reidun & Eise-Marie underheldt  
under songarstemna i vår.

Under landshoppelen deltok Sigrun & Lars Vigdal  
& Morten Vigdal m/fylgje, dei fekk alle ei fin  
plassering.

## ARBÆIÐSPLAN 1989

Vi vil prøve å starte opp att med spele-  
øvingar. Også fredagsdansar no for  
kappleiken, Ein dansekveld i februar  
og ein i mars oiue vel vere passande.  
Vi vil også få i gang spingarkvelder  
slk at frivillige kan øve og kanskje  
stille opp på kappleiken. Det er også  
interesse for å få i gang eit fele-  
kurs så vi håpar at vi kan arrangere  
eit i løpet av 1989. Vi skal ja også  
arrangere fylleshoppleiken, og vi håpar  
at mange frivillige støttar opp og  
hjelper til under arrangemanget.  
I samband med kappleiken skal vi  
arrangere basar 29. januar for å  
skaffe pengar til premiar. Vi må  
også ta oss ein tur til Nordfjord og  
besøke Eid, Nordfjord og Vindfylla  
spilemannslag som var her og vilja oss.  
Vi er også spurde om å vere med  
på Fostedalskveldene til sommaren att.  
Og vi håpar at dette er posetivt blandt  
medlemmene.

Ulike kappleikar og festival blir også  
arrangerte rundt om i landet, så dei som  
ynskjer, har mykje å øve til. Vi håpar  
sjønsagt på stor deltaking <sup>også av fostedaler</sup> på fylleshoppleiken  
7-9 april her i Fostedalen.

Til hausten prøvar me å få i gang  
eit eller anna kurs i gamaldans/  
turdansar.

Vi har også 10 års jubileum frå me  
tok opp att spel & dansarlaget, så  
vi burde feire dette på ein eller  
annan måte. Sigrun L Mars Vigdau seier  
seg interesserte i å leie eit fortsettelse-  
kurs i spingar. Vi vil også prøve å få til  
eit fele-kurs med Håkon Høgemø i vår,  
Også eit lempkurs er vi interesserte  
i å få i stand.